

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

26.08.2013

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, den 11. september 2013 kl. 14.00  
på formannskapssalen**

**SAKLISTE:**

- Sak 21/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 13. juni 2013
- « 22/13 - Vidare oppfølging av rådmannen si handtering av derivatkontraktar mellom Sykkylven kommune og Nordea Bank ASA (jf. sak 10/13) Det blir teke atterhald om denne saka blir klar for behandling.
- « 23/13 - Vedkomande budsjett Sykkylven kontrollutval – 2014
- « 24/13 - Om bompengerperioden vedkomande Sykkylvsbrua AS
- « 25/13 - Rekneskapsrapport 1. tertial 2013
- « 26/13 - Oppfølging av saksbehandlingstid byggesaksbehandling (orientering om utviklinga frå rådmannen)
- « 27/13 - Om lovlegkontroll av årsbudsjettet for 2013  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Odd Jostein Drotninghaug  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 13. juni 2013, kl.14.00

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol, rådmann Ole Johan Lillestøl og økonomisjef Arild Bergstrøm.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 16/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. APRIL 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 25. april 2013 blir godkjent.

**SAK 17/13**

**VIDARE OPPFØLGING AV RÅDMANNEN SI HANDTERING AV DERIVATKONTRAKTAR  
MELLOM SYKKYLVEN KOMMUNE OG NORDEA BANK ASA (JF. SAK 10/13)**

Saksdokument datert 07.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Saka blir utsett

2. Rådmannen legg fram ei juridisk vurdering av om dei finansielle avtalane med Nordea Bank Norge ASA er gyldige, om kommunen kan krevje lemping av innhaldet i avtalane eller om kommunen kan krevje erstatning.
3. Vurderinga må ligge føre i god tid før første møte etter ferien.

### **SAK 18/13**

#### **VEDKOMANDE SENSITIVE PERSONOPPLYSNINGAR PÅ KOMMUNEN SI HEIMESIDE**

Saksdokument datert 07.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Med bakgrunn i orienteringa frå rådmannen tek kontrollutvalet saka til orientering.

### **SAK 19/13**

#### **OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

Saksdokument datert 07.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Ein oversikt over statusen til politiske saker vart gjennomgått av rådmannen.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet saka til orientering.

### **SAK 20/13**

#### **ENDRING AV VALKRETSAR (Saka kom opp under eventuelt)**

Det vart stilt spørsmål om saksbehandling og politisk behandling av endring i valkretsar.

Rådmannen opplyste at vedtak vart gjort i formannskapet etter hasteparagrafen (Kl § 13) og at saka vart gløymt førelagt kommunestyret. Grunnen til at det ikkje låg føre saksbehandling frå rådmannen var at det frå rådmannen si side ikkje var planlagt å legge fram ei slik sak. Saka vart teke opp politisk i møtet.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Med bakgrunn i orienteringa frå rådmannen tek kontrollutvalet saka til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug  
leiar  
(sign.)

Sigmund Valbø  
medlem  
(sign.)

Grethe Melseth  
medlem  
(sign.)

Ole Bjørn Roald  
medlem  
(sign.)

Anita Søvik  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 26.08.2013

**SAK 23/13  
VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sykkylven kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Sykkylven kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at flest mogleg bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 26.08.2013

**SAK 24/13  
OM BOMPENGEPERIODEN VEDKOMANDE SYKKYLVSRUA AS**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå kommunerevisjonen av 11.07.2013

Selskapskontroll av Sykkylvsbrua AS var tema i møte då plan for selskapskontroll vart behandla. Ettersom Sykkylvsbrua AS ikkje er eit heilegd kommunalt aksjeselskap er det ikkje automatisk heimel til selskapskontroll i dette selskapet. Selskapet vart ikkje teke med i plan for selskapskontroll.

I sak 11/13 fatta kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

*Med bakgrunn i opplysningar frå Brønnøysundregistra innhentar kommunerevisjonen opplysningar om rentenivå og eventuell rentebinding eller andre forhold med tanke på å finne årsaker til forlenga bompengerevning.*

Av vedlagte dokument går det fram at bompengeperioden vart forlenga mellom anna på grunn av meirkostnader på slutten av byggeperioden. Det blir forøvrig vist til det vedlagte dokumentet.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Kontrollutvalget i Sykkylven kommune  
v/Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat

6022 Ålesund

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
11.07.2013

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

## Vedr. Sykkylvsbrua og selskapskontroll

### Bakgrunn

Kommunerevisjonen viser til e-post mottatt 11.07.13, og til vedtak i Sykkylven kontrollutval 19.04.13:

*Med bakgrunn i opplysningar frå Brønnøysundregistra innhentar kommunerevisjonen opplysningar om rentenivå og eventuell rentebinding eller andre forhold med tanke på å finne årsaker til forlenga bompengerevning.*

Jf. kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap med vidare. I dette tilfellet har likevel ikkje kontrollutvalet fullt innsyn jf. § 80 om selskapskontroll i same lov, då Sykkylvsbrua as ikkje er eit heileigd kommunalt selskap.

### Om Sykkylvsbrua

Sykkylven kommune eig 35,6 % av aksjane i selskapet. Største eigar er Ekornes ASA med 37,5 % av aksjane. Sykkylven kommune er største eigar av A-aksjar (340 av 659 stk).

Det vart byrja bompengerevning på Sykkylvsbrua i 2001. Berekna avslutting på bompengerevninga er 2017 ifølgje årsmeldinga for 2011.

Postadresse:  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

Besøksadresse:  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
Epost:  
komrev3@komrev3.no

Telefon:  
70 17 21 50  
Telefaks:  
70 17 21 51

Bankkonto:  
6540 05 00465  
Føretaksregisteret:  
NO 971 562 587

**Vedrørende årsaker til forlenga bompengerevning.**

På heimesida til [www.brabygd.no](http://www.brabygd.no)<sup>1</sup> er det ei eiga side der Sykkylvsbrua gir svar på vanlege spørsmål. Eit av spørsmåla er kvifor nedbetalingstida vart lenger enn 15 år. Svaret som blir gitt er:

*Det blei nokre meirkostnader på slutten av byggeperioden. Mellom anna stor auke i driftskostnaden på betalingsystemet, lys og rekkverk mellom gang og køyrefelt.*

Kommunerevisjonen har henta ut rekneskap for 2011 (Rekneskapen for 2012 var ikkje tilgjengeleg enno) for Sykkylvsbrua as fra Brønnøysundregisteret. I årsmelding frå styret går det fram at

*Basisfinansiering er sikra med fast rente på 3,75 % frå mai 2009 (tidlegare 5,85 %) på hovudlånet.*

Det går ikkje fram kor lenge denne rentesikringa gjeld, men basisfinansieringa ser ut til å vere eit obligasjonslån som vart redusert frå 51 mill. kroner pr. 31.12.2010 til 39 mill. kroner pr. 31.12.2011. Attståande løpetid var då 3 år.


På [www.proff.no](http://www.proff.no) går det fram netto finanskostnader for dei siste åra<sup>2</sup>:

2007	2008	2009	2010	2011
-5 940	-5 968	-5 045	-2 784	-2 699

Finanskostnadane var altså 2,8 mill. kroner i 2010 og 2,7 mill. kroner i 2011. Det er uvisst kvifor finansutgiftene ikkje vart meir redusert då langsiktig gjeld i same periode vart redusert frå 70,8 mill. kroner pr. 31.12.2010 til 59 mill. kroner pr. 31.12.2011.

Med helsing

  
Kjetil Bjørnsen  
daglig leder

  
Kurt A. Løvoll  
revisjonsrådgjevar

<sup>1</sup> Nettside oppretta for å gi informasjon om Sykkylven

<sup>2</sup> Tall i heile tusen

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 26.08.2013

**SAK 25/13  
REKNESKAPSRAPPORT 1. TERTIAL 2013**

Rapporten viser eit progostisert meirforbruk på 2,3 million kroner. Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Sykkylven kommunestyre har i møte 17.06.2013 teke rapporten til orientering og ber om at tiltak blir sett i verk og at oppsett over tiltak som er sett i verk samt talfesta verknad av tiltaka blir lagt fram i neste rapport.

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen og kommunestyret sitt vedtak er det naturleg at kontrollutvalet blir orientert om korleis utviklinga er for 2. tertial.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar





Dato: 04.06.2013  
Arkivref: 2013/634-7057/2013

Saksbeh.: Arild Bergström

Saksnr	Utval	Møtedato
36/13	Formannskapet	10.06.2013
34/13	Kommunestyret	17.06.2013

## **Rekneskapsrapport etter 1. tertial - Prognose for 2013**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Sykkylven kommunestyre tek rekneskapsrapport etter 1. tertial 2013 og prognose for 2013 til orientering.

Einingar som har prognostisert overskriding vert bedne om å sette i verk tiltak slik at budsjettet held på årsbasis.

Kommunestyret ber om at rapport per andre tertial inneheld oppsett over tiltak som er sett i verk og talfesting av verknad på desse tiltaka.

### **Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 10.06.2013**

Behandlingsinformasjon:  
Arild Bergström orienterte

Sykkylven formannskap rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyre tek rekneskapsrapport etter 1. tertial 2013 og prognose for 2013 til orientering.

Einingar som har prognostisert overskriding vert bedne om å sette i verk tiltak slik at budsjettet held på årsbasis.

Kommunestyret ber om at rapport per andre tertial inneheld oppsett over tiltak som er sett i verk og talfesting av verknad på desse tiltaka.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det vert synt til budsjettvedtaket for år 2013 – K-sak 88/12:

Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

### Saksopplysning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har godkjent budsjettet til Sykkylven kommune, jf referatsak.

Sykkylven har eit særers dårleg utgangspunkt i høve til andre kommunar:

Avisa Kommunal rapport har 23. mai rangert kommunane etter Korrigert inntekt

Tala er henta frå KRD. Korrigert inntekt er det målet som best fortel kor store dei økonomiske skilnadene mellom kommunane er. Inntektsnivået er korrigert for kor store utgifter kommunen har til eit «Standard tenestetilbod»

Dei fattigaste kommunane i landet:

KOMMUNE	INNTEKTER
Aurskog-Høland	92,1
Rakkestad	92,0
Eidsberg	91,9
Stokke	91,9
Tvedestrand	91,9
Mandal	91,9
Orkdal	91,8
Nannestad	91,7
Sykkylven	91,5
Lyngdal	91,5

Tabellen fortel i grunnen at der gjennomsnittskommunen har 1 krone til disposisjon, har Sykkylven kommune 91,5 øre til disposisjon.

I den andre enden av skalaen finn vi:

KOMMUNE	INNTEKTER
Bykle	250,7
Modalen	240,3
Eidfjord	232,7
Sirdal	201,3
Aukra	180,8
Aurland	178,0
Kvænangen	176,4
Åseral	173,7
Forsand	173,1
Valle	167,0

Med desse skilnadene må innbyggerane i Sykkylven sine forventningar til kommunalt tilbod seiast å vere det same som i Bykle.

Om rekneskapsrapport og prognose:

Einingane har tilgang til ferdiglaga rapportar som per art, summert på ansvar og eining, syner:

- Forbruk per utgangen av april
- Revidert budsjett
- Restbudsjett
- Forbruk i prosent

I tillegg har einingane tilgang til rapportar som i sanntid syner kva som er rekneskapsført, dvs per dato.

Ut frå dette har einingane laga prognose som syner forventa resultat på årsbasis.

Rådmannens rapport bygg på einingsleiarane sine prognosar. Slik må det vere, det er i einingane ein har føresetnad for å prognostisere drifta for resten av året.

27. mai, som sak 29/13 fekk kommunestyret seg framlagt sak vedkomande sentrale inntekts- og utgiftspostar der ein i lys av meir oppdatert kunnskap om rekneskapsavslutting år 2012, meir tydelege statlege signal osv, regulerte eininga Finansiering – Dei store inntektspostane som skatt og rammetilskot og dei store utgiftspostane som renter og avdrag. Denne gjennomgangen og prognosen for år 2013, er også lagt til grunn i saka som no vert lagt fram.

Kontrollutvalet har bede om at rekneskapsrapportane vert sett opp etter same mal som budsjettet.

Dette har vi freista tilfredsstillende ved at desse rapportane vert lagt fram:

Budsjettskjema 1 A	Sentrale utgifts- og inntektspostar (Kommunestyrets einekompetanse)
Budsjettskjema 1 B	Fordeling av sum fordelt til drift på einingar
Investeringsoversikt	Oversikt over utgifter og budsjett vedkomande investeringar

## Vurdering

Investeringsbudsjettet:

ANSVAR		REKNESKAP
11001	SØRESTRANDA SKULE	5 714 510
11101	VEG MEIERIDALEN	38 914
11102	STØYSKJERM TREGARDANE	106 146
11103	GIS-LØYSING, INNSYNSMODUL	66 875
11700	IKT INVESTERING	346 425
12001	PLAN SENTRUM/BUSSLOMME	618 374
12002	VEGNAMNSKILT, ADRESSEPROS.	20 789
12004	AURE GAMLE BRU	3 040 022
12008	STØRRE REP. VEGAR, OVERFLATEVT.	462 938
12012	ULLAVIK SKULE, FUGING	143 218
12016	RÅDHUS, FASADE	1 509
12018	TANDSTAD SKULE, UTEOMRÅDE	485 994
12019	UNGDOMSSKULEN, UTEOMRÅDE	160 319
12022	VIK BARNEHAGE, VOGNSKUR	215 000
12024	KOSTNADER DAGMAR	376 181

12025	BUSTADOMRÅDER	-385 424
12027	HAUGNESET	879 375
12030	SKILØYPE FJELLSETRA	3 734
12500	NY KINO	2 276 561
12900	LÅN TIL VIDAREUTLÅN	27 352
13001	FLYTTING AV NATURHISTORISK MUSEUM	74 513

Til kommunestyremøtet vil det bli lagt fram ein fullstendig oversikt over budsjett, rekneskap og prognose vedkomande investeringar.

### Driftsbudsjettet:

Budsjettskjema 1A og 1B ligg ved.

Gruppering av einingar:

### **Kommunestyre og finansiering:**

#### Kommunestyret:

Ein er ikkje kjend med at det her skal tilseiest endringar

#### Finansiering:

Eininga Finansiering vart nøye gått gjennom i sak om sentrale utgifts- og inntektspostar. Ein er ikkje kjend med at det her skal tilseiest endringar.

### **Barnehagar:**

Private barnehagar:

I samband med sak om Sentrale utgifts- og inntektspostar vart denne ansvarsgruppa styrka grunna utrekningar av kommunalt tilskot med bakgrunn i kommunens driftsbudsjett for egne barnehagar og talet born/fordeling av born i private barnehagar.

Kommentarar frå Vik barnehage:

Etter ein gjennomgang av rekneskapstala pr. april og endringar i budsjettprognosen for resten av 2013, ser eg at Vik barnehage vil gå med eit meirforbruk på kr. 211 000,-. Dette ligg mest på fastlønn og vikarlønn ved sjukdom. Vi gjer alt vi kan for å redusere meirforbruket, men pga lite budsjett på drift, som vi råder over, er det ikkje mykje vi kan ompostere for å minske meirforbruket på desse postane.

Ved neste rekneskapsrapport og prognose i august/ september vil vi få ei betre oversikt om dette bildet vil halde seg slik.

Kommentarar frå Blakstad barnehage:

Etter gjennomgang av rekneskapet og prognosen per april 2013, ser det ut til at vi skal klare å halde oss til gjevne rammer når det gjeld drift.

Det som er ei utfordring slik vi ser det per dags dato, er at vi ikkje har fått fylt opp alle barnehageplassane til hausten, og det vil bli noko redusert brukarbetaling som kjem inn. Det har retta seg litt, då vi har fått nokre nye søkjarar, og det vil kanskje kome fleire i løpet av sommaren/hausten. Men slik det ser ut no vil det verte om lag 8 barnehageplassar ledig, og det er vanskeleg å vite om vi får fylt opp alle plassane på noverande tidspunkt. ( Førre barnehageår var situasjonen om lag likeeins, då fekk vi fylt opp alle plassane i løpet av hausten) Sjukevikarløn er store hjå oss, men mykje av dette får vi refusjonar på.

Kommentarar frå Tandstad barnehage:

Prognosen ved Tandstad barnehage viser eit meirforbruk på hovudpost Lønn og sosiale utgifter på ca. kr.200.000 kr. Dette er eit svært usikkert tal, då det er vanskeleg å prognostisere bruken av vikarar og evt. kva/om vi får refusjonar. Eit sikrare tal viser kanskje ved rekneskapsrapporten ved neste tertial.

Dette meirforbruket er umogeleg og dekkje inn ved bruk av vårt knappe driftsbudsjett.

Kommentarar frå Ullavik barnehage:

Budsjettet er så langt under kontroll. Har ikkje avviksmeldingar.

Kommentarar frå Vikedalen barnehage:

Etter ein gjennomgang av den rekneskapen pr. april, og budsjettprognosen for resten av 2013, ser eg at Vikedalen barnehage går mot eit meirforbruk på anslagsvis 200.000 kr. Det alt vesentlege av dette ligg på løn, men her gjer vi alt det som er mogleg og tilrådeleg for å redusere meirforbruket mest mogleg. Erfaringsmessig vil vi og sjå eit klarare bilete av situasjonen ved neste rapportering, i august / september, men situasjonen er altså noko utfordrande pr. i dag.

### **Skular:**

Kommentarar frå Ullavik skule:

Einingsleiar reknar med å halde budsjettet.

Kommentarar frå Sørestranda skule:

Rekneskapen pr. april viser at Sørestranda skule har eit meirforbruk på ca 13 000 kr, dvs om lag 3 300 kr pr mnd. Dette skuldast naudsynt ekstrahjelp i ei av klassane og ein del korttidsfråver på lærarar. (Jmf. Søknad om ekstraressursar).

Kommentarar frå Vik skule:

Prognose	Budsjett	Avvik
8 214 390	8 034 784	- 179 606

Avviket er knytt til berekna lønnskostnad 80 % assistent til elev med særskilt hjelpebehov frå august 2013.

Kommentarar frå Tandstad skule:

Einingsleiar har prognostisert eit lite meirforbruk som vert vurdert som ikkje-vesentleg

Kommentarar frå Aure skule:

Prognose	Budsjett	Avvik
11 861 329	11 647 202	- 214 127

Hovudårsak til avvik:

Inntak av born til SFO (inntekt frå foreldrebetaling) ligg under budsjettet. Også refusjonsinntekter frå andre kommunar vert mindre enn det som ligg i budsjettet . Utgifter til vikarløn vert større enn budsjettet.

Tiltak innanfor eige budsjett:

Ei 100 % adjunktstilling vert halden vakant frå og med første august og ut året. Vi reduserer med dette utgiftene til fastløn med ca. 181.000 kroner. Tiltaket er lagt inn i prognosen.

Vi klarer såleis ikkje å dekkje inn avviket innanfor eige budsjett.

Viser elles til at eininga har søkt om ei ekstraløyving på 215 000 kr.

Kommentarar frå Ungdomsskulen/Vaksenopplæringscenteret:

Ein reknar med å halde budsjettet.

Felles for skulane.

Her er prognostisert eit mindreforbruk, dette er midlar som vil bli fordelt på skulane for å dekke prognostisert meirforbruk der.

### **Helse og sosial:**

Kommentarar frå einingane:

Kommentarar frå Buas:

Fastlønn:

Vi har valgt å redusere fastlønn på natt og kjøkken med kr 850 000 og flyttet dette over på vikarbyrå. Dette fordi det er vakante stillinger som er ubesatt. Ellers så er det en total økning av fastlønn på kr 165 000. Denne økningen ligger under institusjon og vi er ikke sikre på hva den skyldes.

Vikar:

Reduserer med kr 86 000.

Ekstrahjelp:

Vi har valgt å øke prognosen med kr 1 030 000. Dette skyldes økt antall pasienter og at de pasienter som kommer er dårligere.

Sone 2, sone 3 og institusjon har overbelegg.

Vi la frem i budsjett 2013 at vi trenger en økning av årsverk på natt. Dette fikk vi ikke godkjent. Vi ser at vi i perioder likevel må ha inn ekstra på natt for å drifte forsvarlig. Dette blir da leid inn på ekstrahjelp. I tillegg har vi hatt en del opplæring av nye vikarer.

Overtid:

Vi har valgt å øke prognosen med kr 497 000. Dette henger sammen med at når pasienten er dårligere er behovet for kompetanse større. Da det er mangel på fagfolk må vi derfor på enkelte vakter benytte de fagfolk vi alt har. Spesielt merker vi det på natt der prognosen økes med kr 300 000.

Anna drift:

Husleie: bolig til vikarer fra vikarbyrå. Øker prognosen med kr 30 000.

Lisenser, avgifter, inventar og utstyr: Økt opp med bakgrunn i fjorårets regnskap og forbruk så langt i år.

Vaskeritjeneste: Økt med 200 000 kr. Vi fikk ikke gjennomslag for å redusere arbeidstøykostnadene og de reelle kostandene er høyere enn budsjettet.

Inntekter:

Andre: vi har ikke valgt å budsjettere noe her, men i 2012 kom det inn kr 150 000.

Husleieinntektene: Blir lavere enn budsjettet. Dette skyldes tap av inntekter. Vi hadde for lav fakturering januar, februar og mars. I tillegg brukes tre leiligheter til 6 institusjonsrom. Dette gir et årlig tap på om lag kr 300 000.

Avgiftsfritt salg av varer og tjenester: økt antatt inntekt med kr 200 000. Basert på tjenestemengden pr i dag minus tapte tjenester på 3 leiligheter.

Avgiftspliktig salg av varer og tjenester: vi velger å redusere prognosen med kr 100 000. Dette skyldes lite catering og lite salg i kafe.

Brukerbetaling: basert på de 4 første månedene ligger det an til kr 200 000 under budsjett. Dette er imidlertid avhengig av om pasienten blir liggende over 60 døgn og kommer over på vederlagsbetaling. Er de her under 60 døgn betales kun minstesats. Vi opplever en raskere pasientstrøm nå enn tidligere og dette gir lavere inntekt.

Totalt ser det ut som om Buas får en prognose som er 2 345 000 over budsjett ut året.

Det blir kontinuerlig arbeidet med å hindre overtid og behov for ekstrahjelp. Likevel må vi lytte til de som arbeider med pasientene om hva som er forsvarlig. Spesielt mener vi at natt tjenesten må styrkes.

Helsebot pr april er 155 000 kr. Dette er for utskrivningsklare pasienter som vi ikke har seng til hos oss. Dette er i tillegg til maksimal utnyttelse av 5 ekstra senger på Buas.

#### Kommentarar frå Heimeteneste distrikt:

Ingen vesentlige endringar frå rekneskapsrapporten frå februar 2013.  
Ein har fortsatt eit overforbruk i forhold til ekstrahjelp.

#### Kommentarar frå Barne- og familietenestene:

Rapporten viser mindreforbruk i høve budsjetterte lønsutgifter pr. april. Grunn til dette er i hovudsak langtidsfråvere og vakant psykologstilling utan full oppdekking av vikar.

Vi har hatt ekstra driftsutgifter i høve oppgradering av fagsystem på helsestasjonen. Totalkostnad er enno ikkje kjent, men grunna mindre forbruk på løn vil dette truleg kunne dekkjast innan vedteken budsjettramme. Barneverntenesta har meldt frå om ei mogleg fylkesnemndsak, men tidsperspektivet og omfang er såpass usikkert enno at dette ikkje er lagt inn prognostiserte utgifter.

#### Kommentarar frå Butenestene:

Ein ser at på driftskostnadane er der ingenting å gå på, det dekkjer pr i dag knapt dei faste utgiftene.

Ein ser i dag at ein nyttar tildelte årsverk fult ut. Eininga driv med kartlegging av nokre brukarar som har fått endra behov for bistand. Samtidig har ein søknader om behov for avlastning for heimebuande. Det er difor usikkert om ein vil klare og dekkje desse behova innanfor gitte rammer. Ein reknar med å ha ei betre oversikt over dette ved neste rapportering.

Eininga har hatt eit høgt sjukefråver som har ført til auka vikarbruk. Grunna samhandlingsreforma er brukarane tidlegare utskrivningsklare frå sjukehus, som igjen har ført til behov for tettare oppfølging i heimen, og igjen auka bruka av ekstravakter.

Ein vil også til neste rapportering vite meir i forhold til den forventa inntektssituasjonen for 2013. Dette gjelder refusjonar frå NAV og tilskot til ressurskrevjande brukarar.

Ein håpar å gå i balanse slik prognosa ser ut no, men dette er særst usikkert grunna mange faktorar.

#### Vedkomande Samhandlingsreforma

Her vert vi for somatiske tenester fakturert ut frå ein modell. Det vil kome avrekningar. Vi må berre avvente situasjonen og sjå kva som vert resultatet.



## **Kultur:**

Kommentarar frå eininga:

For dei fleste underkapitla ser det bra ut, forbruket er under kontroll og på same nivå som i 2012 eller lågare.

Men under kapitlet for kunstgrasbana – 50016 – ligg rekneskapstala høgt samanlikna med 2012. ca 90.000 høgare enn 2012. For resten av året er det berre ca 75.000 kr til å drifte bana med.

Dette skuldast at vatnsystemet i og rundt garderobehuset ved kunstgrasbana fraus denne vinteren. Det måtte derfor skaffast fram vatn i slange frå Storhallen. Slangesystem måtte skaffast og monterast, det vart også gjort arbeid med å tine systemet utan å lukkast. Dette førte samla sett til ei meirutgift på ca 70.000. Det er også supplert med ny granulat i år som aukar vedlikehaldsbudsjettet.

Ein kald og lang vinter gjer sitt til at energiutgiftene er høge.

Sjølv om ein er sparsomleg utover haust og vinter, så vil driftsutgiftene drage seg på. Her må ein nok rekne med eit overforbruk på kr. 100-150 000.

Bibliotekdrifta ligg også litt høgt i høve til 2012, men her er meir forutsigbar drift. Utgifter til ny programvare MM3 og lisensar utgjer ein del her.

Samla sett vil eg no antyde at prognose for heile 2013 vil ligg på ca 150.000 over vedteke budsjett. Då med bakgrunn i frose vatnsystem ved kunstgrasbane/garderobehus.

## **Næring/Tekniske tenester:**

Stort prosentvis forbruk på felles teknisk, men dette meiner eg må skuldast manglande føring av inntekter ? Reknar med at vi får overført frå SEas eit beløp slik omtala sist i dykkat brev av 18.01.13; ref. 2012/1222-1129/2013. Elles er det (fortsatt) for tidleg med justeringar utover kva ført i notat av 12.03.13.

## **Sams administrasjon:**

Kommuneleiinga:

Ein reknar med å halde budsjettet.

Fellestenestene:

Ein reknar med å halde budsjettet

## **Økonomiske konsekvensar**

Ei prognose der prognostisert meirforbruk kr 2 315 307 var spreidd over mange einingar ville ikkje vere so alvarleg. Det skulle ikkje så mange endringar til før ein kunne legge fram eit rekneskap i samsvar med budsjettet.

Slik er det berre ikkje. Eininga Buas aleine har lagt fram ei prognose innehaldande overskridingar på kr 2 345 696. Dette stiller store krav til tiltak utetter året. Kommunestyret sin reservepost er berre kr 1 278 500. Av desse midlane må det også forventast å bli brukt midlar til nye tiltak som ein per i dag ikkje har oversikt over.

Rådmannen kan ikkje sjå at det per no er forventat nye friske midlar og har ikkje anna å halde fram enn at Buas må sette i verk tiltak som dekkjer meirforbruket.

Vi har fått melding om avrekning år 2012 vedkomande Samhandlingsreforma. Ei avrekning som vert utbetalt før i november 2013. Førrelse tal tilseier at Sykkylven kommune vil motta kr 443 000. Dette er lagt inn i prognosen.

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

Arild Bergström  
økonomisjef

Vedlegg:

1 Budsjettskjema 1A og 1B



## BUDSJETT- OG REKNESKAPSSKJEMA 1 A - DRIFTSREKNESKAPEN

	Avvik	Prog 2013	Bud 2013	Rsk 2012	Rsk 2011
Skatt på inntekt og formue		165 139 000	165 139 000	158 991 058	147 663 741
Ordinært rammetilskot		202 061 000	202 061 000	193 133 319	177 543 100
Skatt på eigeendom					
Andre direkte eller indirekte skattlar		120 000	120 000	170 614	170 614
Andre generelle statsliskot		21 872 000	21 872 000	13 194 554	10 432 326
<b>Sum frie disponible inntekter</b>		<b><u>389 192 000</u></b>	<b><u>389 192 000</u></b>	<b><u>365 489 545</u></b>	<b><u>335 809 781</u></b>
Renteinntekter og utbytte		8 630 000	8 630 000	14 777 589	15 222 725
Gevinst finansielle instrument (Omløpsmidlar)		2 600 000	2 600 000		
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter		17 902 000	17 902 000	18 997 788	19 590 182
Tap finansielle instrument (Omløpsmidlar)				2 853 258	16 483 379
Avdrag på lån		13 500 000	13 500 000	13 594 329	11 800 321
<b>Netto finansinntekter/utgifter</b>		<b><u>20 172 000</u></b>	<b><u>20 172 000</u></b>	<b><u>20 667 786</u></b>	<b><u>32 631 157</u></b>
Til dekning av tidl. års rekneskapsm. meirforbr.		7 532 200	7 532 200		
Til ubundne avsettingar					
Til bundne avsettingar		210 000	210 000	1 371 911	2 296 444
Bruk av tidl. års rekneskapsm. mindreforbruk					
Bruk av ubundne avsettingar					19 249
Bruk av bundne avsettingar		470 000	470 000	2 842 238	1 374 308
<b>Netto avsettingar</b>		<b><u>7 272 200</u></b>	<b><u>7 272 200</u></b>	<b><u>-1 470 327</u></b>	<b><u>902 886</u></b>
Overført til investeringsrekneskap/budsjett		5 407 500	5 407 500	1 488 297	5 872 912
<b>Til fordeling drift</b>		<b><u>356 340 300</u></b>	<b><u>356 340 300</u></b>	<b><u>344 803 789</u></b>	<b><u>296 402 826</u></b>
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>-2 315 307</b>	<b><u>-358 655 607</u></b>	<b><u>-356 340 300</u></b>	<b><u>344 814 733</u></b>	<b><u>302 308 854</u></b>
<b>Mindreforbruk/Meirforbruk (-)</b>	<b><u>-2 315 307</u></b>	<b><u>-2 315 307</u></b>		<b><u>-10 944</u></b>	<b><u>-5 906 028</u></b>



## BUDSJETT- OG REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFTSREKNESKAPEN

	Avvik	Prog 2013	Bud 2013	Rsk 2012	Rsk 2011
<b>TIL FORDELING DRIFT frå skjema 1A</b>				344 803 789	296 402 826
<b>Driftsområde</b>					
Kommuneslyre		9 296 253	9 296 253	5 177 926	5 030 401
Finansiering		-14 893 180	-14 893 180	-20 783 731	-32 107 214
Fellesadm. barnehage, styrka tilbod PPT i barnehagane	181 972	3 896 600	4 078 572	3 058 586	3 249 093
Vik barnehage	-211 105	5 000 808	4 789 703	5 195 092	4 257 879
Tandstad barnehage	-225 418	3 253 892	3 028 474	2 988 806	2 687 438
Blakstød barnehage	22 575	4 086 732	4 109 307	3 895 838	3 672 653
Ullavik barnehage		5 747 985	5 747 985	5 861 803	5 386 424
Vikedalen barnehage	-195 385	5 716 987	5 521 602	5 150 420	4 478 590
Private barnehagar		26 070 800	26 070 800	24 274 814	20 345 107
Velledalen barnehage					
Jarnes barnehage					
<b>Barnehagesektoren samla</b>	<u>-427 361</u>	<u>53 773 804</u>	<u>53 346 443</u>	<u>29 425 234</u>	<u>24 823 697</u>
Aure skule	-214 127	11 861 329	11 647 202	11 819 848	10 852 876
Serestranda skule	-40 010	8 334 600	8 294 590	7 925 729	7 313 994
Tandstad skule	-7 666	6 269 846	6 262 180	6 040 906	5 511 881
Ullavik skule		10 078 164	10 078 164	9 288 464	8 631 852
Velledalen skule				1 906 756	3 331 583
Vik skule	-179 606	8 214 390	8 034 784	8 198 181	7 576 830
Hundeidvik skule					2 134 102
Ramstaddal skule					
<b>Barneskulane</b>	<u>-441 409</u>	<u>44 758 329</u>	<u>44 316 920</u>	<u>45 179 885</u>	<u>45 353 117</u>
Ungdomsskule og vaksenopplæring		26 778 478	26 778 478	25 975 471	24 658 123
Felles for skulane	441 409	6 264 491	6 705 900	5 813 011	3 535 046
<b>Grunnskulen</b>		<u>77 801 298</u>	<u>77 801 298</u>	<u>76 968 367</u>	<u>73 546 287</u>
Sykkylven bu- og aktivitetssenter	-2 345 696	49 168 400	46 822 704	48 033 100	43 717 455
Heimeteneste distrikt		21 071 107	21 071 107	20 211 431	19 514 896
Børne- og familietenestene	14 750	35 024 826	35 039 576	37 353 387	54 300 282
Butenestene		28 875 593	28 875 593	20 586 464	
Samhandlingsreforma	443 000	7 649 000	8 092 000	8 052 387	
Nav kommune		5 071 345	5 071 345	5 187 058	4 076 287
<b>Helse og sosial</b>	<u>-1 887 946</u>	<u>146 860 271</u>	<u>144 972 325</u>	<u>139 423 826</u>	<u>121 608 920</u>
Kultur og kyrkje		12 847 676	12 847 676	13 163 659	13 442 111
Næring		787 000	787 000	1 130 014	513 040
Teknisk driftseining		44 174 249	44 174 249	49 200 668	47 352 647
Kommuneleinga		11 659 534	11 659 534	13 541 189	13 939 884
Fellesteneleane inkl servicetorg		16 348 702	16 348 702	16 567 458	14 905 595
<b>NETTO DRIFTSRAMME ALLE RAMMEOMRÅDA</b>	<u>-2 315 307</u>	<u>358 655 607</u>	<u>356 340 300</u>	<u>344 814 733</u>	<u>302 308 854</u>

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 16.08.2013

**SAK 26/13  
OPPFØLGING AV SAKSBEHANDLINGSTID BYGGESAKSBEHANDLING  
(ORIENTERING OM UTVIKLINGA FRÅ RÅDMANNEN)**

Kontrollutvalet har i fleire saker behandla dette temaet. Frå kommunen si side har det kome fram at kapasiteten skal auke. Det har også blitt opplyst at kapasiteten har blitt auka. Tida er no inne til ein statusrapport.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 26.08.2013

**SAK 27/13  
OM LOVLEGGKONTROLL AV ÅRSBUDSJETTET FOR 2013**

Som vedlegg følger:

- Brev frå fylkesmannen datert 11.12.2012

Utgangspunktet for vurdering av kommuneøkonomien er om brutto driftsresultat er stort nok til å dekkje finanskostnader og pliktige avsetningar. Driftsnivået er definert som brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt. Dette har vore ustabil og i 2012 var det på 1,1 %.

På finanssida har kommunen vore utsett for store negative utslag dei siste åra. Det går også fram av brevet at kommunen betalar om lag 1 prosentpoeng mindre i avdrag enn det kommunen avskriv anleggsmidlane sine med. Sykkylven kommune har også i fleire år hatt eit lågare netto driftsresultat enn den nasjonale tilrådinga som utgjer 3 % av brutto driftsresultat. Kommunen har dei siste åra tæra på formuen og har relativt sett høg lånegjeld og stort akkumulert meirforbruk.

Fylkesmannen godkjenner budsjettet for 2013. Det blir forøvrig vist til godkjenningsbrevet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato

29.05.2013

Dykkar dato

11.12.2012

Vår ref.

2012/8393/MAMO/331.1

Dykkar ref.

2012/582-11290/2012

Ar/S.nr.:

12/582

Dok.no:

151

L.nr.:

Klass.:

04 JUN 2013

Sykkylven kommune

Avd.:

Saksb.:

6230 Sykkylven

## Sykkylven kommune - Lovlegkontroll av årsbudsjettet 2013

Vi viser til innsendt budsjett og økonomiplan for perioden 2013 til 2016. Sykkylven kommune er meldt inn i Robek. Det innebærer at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal føre kontroll med at Sykkylven kommune sitt budsjettvedtak er lovleg.

### 1.0 Innhald, konklusjon og vedtak

Dette brevet inneheld vår kontroll av kommunen sitt vedtak om budsjettet for 2013 er i samsvar med kommunelova og tilhørande forskrift. Vi har også analysert og vurdert den økonomiske situasjonen til kommunen, samt gitt tilbakemelding på kommunen sin forpliktande plan og handsama søknad om låneopptak.

### 1.1 Konklusjon

- **Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vurdert og konkludert med at budsjettet for 2013 er i samsvar med kommunelova og tilhørande forskrifter. Vi vil likevel vise til merknadane våre.**
- **Fylkesmannen godkjenner at Sykkylven kommune tar opp lån på 14 millionar kroner til å dekke finansieringsbehovet i 2013.**

### 1.2 Vedtak om årsbudsjett

Fylkesmannen har kontrollert og konkludert med at budsjettvedtaket er blitt til på lovleg måte, at vedtaket er fatta av kompetent organ og at innstillinga frå formannskapet har vore ute til offentleg ettersyn, jf kommuneloven § 45.

Fylkesmannen har kontrollert og konkludert med at Sykkylven kommune sitt budsjett følgjer krava i kommuneloven § 46 og tilhørande forskrift.

Postadresse:  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 43

Telefax:  
71 25 85 10

E-post:  
postmottak@fmmr.no

Web:  
www.fylkesmannen.no

### 1.3 Vedtak om låneopptak

Med heimel i kommunelova § 50 nr 9, jf § 60 nr 1 og Kommunal- og regionaldepartementet sitt rundskriv H-08/01, godkjenner fylkesmannen på bakgrunn av sak 88/12 i kommunestyret den 10. desember 2012 at Sykkylven kommune tar opp lån på 14 millionar kroner for å dekke finansieringsbehovet i 2013.

Lån investeringar vert godkjent med nedbetaling etter kommunelova § 50 nr 7 bokstav a. Vi understreker at kommunen må oppfylle kravet om minste tillatne avdrags prinsipp uavhengig av avdragstida på årets låneopptak isolert sett.

Lån til vidareformidling vert godkjent med nedbetaling etter kommunelova § 50 nr 7 bokstav c.

### 2.0 Fylkesmannen si vurdering av den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune

Vi vil gi kommunen tilbakemelding på korleis vi ser den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune. Denne tilbakemeldinga er grunnlaget for oppfølginga vår av kommunen, herunder krav til forpliktande plan, tildeling av skjønnsmidlar og godkjenning av låneopptak og kommunale garantiar. Vurderinga er gjort på bakgrunn av kommunen sine budsjett, økonomiplan og rekneskap, samt anna offentleg statistikk med hovudvekt i Kostra. Vi viser til den årlege rapporten vår om utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal for analyse og kommentarar om både Sykkylven kommune og for fylket generelt. Vi vil også trekke fram somme generelle utfordringar kommuneøkonomien står ovanfor undervegs i kommentarane.

#### 2.1 Vurdering av den økonomiske situasjonen og budsjettet

Vårt utgangspunkt når vi vurderer økonomien i ein kommune, er om brutto driftsresultat er stort nok til å dekkje finanskostnadane og pliktige avsetningar. Pliktige avsetningar kan vere dekning av tidlegare underskot, unytta øyremarka midlar eller refusjon av meirverdiavgift frå investeringar, såkalla momskompensasjon. Finanskostnadane er hovudsakeleg renter og avdrag samt tap eller gevinst frå finansielle instrument.


Forholdet mellom brutto driftsresultat og finanskostnadane er den underliggjande økonomiske balansen i kommuneøkonomien. Kommuneøkonomien blir påverka av ei rekke faktorar som er midlertidige, usikre eller eksogene og som kommunane sjølv i liten grad kan påverke på kort sikt. Det gjeld for eksempel utviklinga i finansmarknaden og rentenivå, momskompensasjon frå investeringar til drift, pensjonskostnad, med vidare. Over tid er kommunane avhengig av å ha ein solid underliggjande balanse for å unngå økonomisk ubalanse og underskot. For å styrke den underliggjande økonomiske balansen på kort sikt, må i all hovudsak tiltaka skje i drifta. For å styrke den underliggjande balansen på lang sikt, må kommunen ha ein god og langsiktig strategi for økonomiforvaltninga, både på drifts- og investeringssida.

Sykkylven kommune vart meldt inn i Robek i 2001 samstundes med innføringa av Robek. Fyste perioden Sykkylven var i Robek varte til 2007. I 2010 vart kommunen meldt inn i



Robek på nytt etter at kommunen hadde pådratt seg nye underskot. Resultatet av prosessen i Sykkylven kommune med å vinne att økonomisk balanse denne gangen bør ha som mål å få ein underliggjande driftsbalanse som er berekraftig over tid.

Tabellen under viser utviklinga i sentrale økonomiske indikatorar for driftsbalansen til Sykkylven kommune dei siste åra. Tala er henta frå Kostra<sup>1</sup>. Tala for 2012 er ikkje revidert og dermed førebelse.



Vi definerer driftsnivået som brutto driftsresultat i pst av brutto driftsinntekt. Driftsnivået til kommunen har vore ustabilt dei siste åra, med variasjon frå -4,2 pst i 2008, til 4,2 pst i 2011. I 2012 falt brutto driftsresultat til 1,1 pst.

Driftsresultatet til kommunen har over dei siste åra styrka seg. Etter vår analyse er det med grunnlag i gode omstillingsprosesser som har gitt resultat, men også grunna høg refusjon av meirverdiavgift frå investeringar.

På finanssida er kommunen eksponert for svingane i finansmarknaden. Det gir til dels store utslag i resultatata frå år til år.

<sup>1</sup> Kommune-Stat-Rapporteringa i Statistisk sentralbyrå (SSB) sin database

Kommunen betaler rundt eit prosentpoeng mindre i avdrag enn det kommunen avskriv anleggsmidlane sine med. Når avskrivningane er høgare enn avdraga, reduserast verdien på anleggsmidla med meir enn kommunen betaler ned på tilhøyrande lån. Isolert sett bidrar det til å halde det rekneskapsmessige resultatet oppe på bekostning av eigendelane til kommunen.

**Netto driftsresultat** er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Det tekniske beregningsutvalg for kommunal økonomi (TBU) tilrår at netto driftsresultat over tid er minst tre prosent av driftsinntektene. Sykkylven kommune har over fleire år hatt lågare resultat enn den nasjonale tilrådinga. Sist gang kommunen hadde eit netto driftsresultat på nivå med eller over tilrådinga var i 2006.


Kommunen har budsjettet med eit netto driftsresultat på nærare 13 millionar kroner i 2013. Det utgjer 3 prosent av brutto driftsinntekt, og er på nivå med tilrådinga. Kommunen disponerer det positive netto driftsresultatet i all hovudsak til dekning av tidlegare underskot og overføring til investeringsbudsjettet.

Nivået på netto driftsresultat dei siste åra tilseier at kommunen har tæra på formuen for å halde driftsnivået oppe på eit kunstig høgt nivå sett i høve til dei løpande inntektene til kommunen. Som ein konsekvens har kommunen ikkje vore i posisjon til å sette av til disposisjonsfond, som har vore tomt dei siste åra. God økonomiforvaltning tilseier at kommunen setter av frie midlar årleg. Frie midlar i netto driftsresultat kan vere ein buffer mot meirforbruk i budsjettåret. Oppsparte midlar på disposisjonsfondet kan nyttast for å dekke opp for inntektssvikt eller uventa utgifter, eller som eigenkapital i investeringar.

Vi vil oppmode kommunen om å halde fram arbeide med å skape ein solid og berekraftig økonomi. Sett i lys av utfordringane i kommuneøkonomien generelt, og de spesifikke utfordringane for Sykkylven kommune, vil det vere viktig å legge vekt på god og langsiktig planlegging slik at kommunen får mest og best mulege tenester til innbyggjarane.

## 2.2 Vurdering av investeringsbudsjettet og gjeldsutviklinga

Figuren på neste side viser utviklinga i netto lånegjeld (linje) og finansutgifter (avdrag og netto renter) i prosent av driftsinntektene. Tala er henta frå Kostra og rekneskapa til kommunen. For 2012 er tala enda førebelse.



Generelt har kommunane i Møre og Romsdal høg lånegjeld samanlikna med kommunar i andre fylke, og landsgjennomsnittet. Ved utgangen av 2012 hadde Sykkylven kommune ei netto lånegjeld på 89 prosent av driftsinntektene, om lag på same nivå som fylket samla. Det er høgare enn landsgjennomsnittet, og ikkje minst mykje høgare enn kommunane i kostragruppe 10. Høg gjeld indikerer at kommunen må nytte ein større del av driftsinntektene for å betale renter og avdrag. Tabellen viser at det er ein klar samanheng mellom gjeldsnivå og finansutgiftene. Jo høgare gjeldsnivå kommunen har, jo mindre del av inntektene blir igjen til tenesteproduksjon.

Sykkylven kommune har vedteke investeringsbudsjettet med eit finansieringsbehov på 29 655 000 kr. Investeringsnivået er om lag 7 pst av budsjettert brutto driftsinntekt. Av dette skal 28 millionar kr bli finansiert med lån. Det gir ein lånegrad på 94 pst av brutto finansieringsbehov. Av dette er 14 millionar kr nye låneopptak, medan resterande bruk av lån er unytta lånemiddel frå tidlegare år. Til samanlikning budsjetterer kommunen med 14 millionar kroner i avdrag.

Vi vil understreke at det er viktig at kommunen har merksemd rundt den risikoen som ligg i auka finanskostnader. Ved stramme budsjett utan frie reservar og med høg gjeld, skal det svært lite til før det oppstår vanskar med raske eller uventa rentehevingar. Kommunen må ha klart for seg kva potensielle meirkostnader ei renteauke kan gje, og kva konsekvensar det kan ha for omfanget av tenesteproduksjonen i kommunen. Slik vi ser det leggjar den høge lånegjelda press på kommuneøkonomien, og vil ved renteheving auke presset ytterlegare. Det vil føre til større behov for omstilling og effektivisering i åra som kjem.

### 2.3 Forpliktande plan

Kommunar som er meldt inn i Robek er etter kommunelova pålagt å vinne att økonomisk balanse. Krav om at Robek-kommunar utarbeider og gjennomfører ein forpliktande plan er reist av retningslinjene for skjønnsdeling.

*Kommunen sin forpliktande plan skal vise korleis kommunen skal vinne att økonomisk balanse. Vi ønskjer at kommunen sin forpliktande plan inneheld status for den økonomiske situasjonen, mål for økonomiforvaltninga og tiltaka kommunen ser for seg skal bringe kommunen frå noverande status til å nå måla.*

Vi tilrår kommunar som er i økonomisk ubalanse å sette seg mål for økonomiforvaltninga. I forpliktande plan ønskjer vi at kommunen definerer måltal for det kommunen sjølv ser på som berekraftig økonomiforvaltning innanfor sentrale økonomiindikatorar, til dømes for netto driftsresultat, brutto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond. Det er også viktig å ha eit økonomistyringssystem som tidleg fangar opp eventuelle avvik frå budsjettet, og at det blir iverksatt mottiltak om det er naudsynt for å halde budsjettbalansen gjennom året. Budsjettarbeidet gjennom året kan bidra til å leggje eit solid grunnlag for neste års budsjett. Kommunestyret i Sykkylven vedtok forpliktande plan for 2013 saman med budsjett og økonomiplan.

Vi vil gi ros til kommunen for omstillingsarbeidet kommunen har gjort dei siste åra. Det viser for oss at kommunen er inneforstått med dei utfordringane kommunen står i, og at kommunen ønskjer å finne gode og berekraftige løysingar på utfordringane. Likevel er det fleire utfordringar framover, og vil peike på at situasjonen framleis krevjar at kommunen må arbeide med omstilling og effektivisering om kommunen skal nå målsettinga om netto driftsresultat på tre prosent av driftsinntektene.

Vi oppmodar kommunen om å halde fram med arbeidet med å vinne att økonomisk balanse. Vi har satt av 500 000 kroner knytt til Sykkylven kommune sitt arbeid med, og gjennomføring av forpliktande plan. For at kommunen skal få utbetalt skjønnsstilskotet på 500 000 kr, må følgjande kriterier vere oppfylt:

- Tiltaka i forpliktande plan må vere gjennomført
- Budsjettbalansen må haldast
- Betale ned underskot etter nedbetalingsplana

Til hausten vil vi i eit eiga brev be om rapportering på den økonomiske utviklinga til kommunen og arbeidet med forpliktande plan.

### 2.4 Økonomiplan

Kvart år skal kommunestyret sjølv vedta ein rullerande økonomiplan etter innstilling frå formannskapet. Økonomiplana skal vere for dei neste fire budsjettåra. Økonomiplana skal omfatte heile den kommunale verksemda, og skal gje ei realistisk oversikt over forventna inntekter og utgifter. For kvart enkelt år som vert omfatta av plana, skal det visast dekning for dei utgifter som er oppførte, jf. kommunelova § 44.

Økonomiplana skal vise dei framtidige konsekvensane av årsbudsjettet, og gje uttrykk for kommunestyret sine mål og strategiar for åra som kjem. Vi vil understreke at det er viktig med god og langsiktig planlegging for å få optimal utnytting av ressursane. Kommunane opererer med til dels stor uvisse knytt til både inntektene og utgiftene i åra framover, noko som styrker behovet for langsiktig planlegging basert på metodar for planlegging under usikkerheit.

Økonomiplana er ikkje underlagt kontroll etter reglane i kommunelova § 60. Vårt arbeid med økonomiplana vil først og fremst gå ut på råd og rettleiing samt vurdering av kommunale strategiar, jf kapittel 2.1 til 2.3. Vi vil nytte plana i samband med godkjenning av låneopptak, og for å halde oss orienterte om den økonomiske utviklinga i kommunen. Det kan likevel gjennomførast lovlegkontroll av økonomiplana etter reglane i kommunelova § 59 nr. 5.

### **3.0 Godkjenning av låneopptak**

Fylkesmannen skal godkjenne låneopptak til Robek-kommunar. For lån til investeringar, jf kommunelova § 50 nr 1, ønskjer vi å godkjenne ei låneramme som skal liggje fast ut året.

Robek-kommunar må ha godkjenning for å ta opp likviditetslån, jf kommuneloven § 50 nr 5. Søknadar om likviditetslån vil bli prioritert av oss. Vi ber om god dialog om kommunen har akutt behov for likviditet.

#### **3.1 Heimel for godkjenning av låneopptak**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal godkjenne låneopptak til Sykkylven kommune jf. kommunelova §§ 50 nr. 9 og 60 nr. 1 og jf. Kommunal- og regionaldepartementet sitt rundskriv H-08/01. Fylkesmannen si fullmakt omfattar også myndigheit til å nekte godkjenning.

Kommunestyret kan innan ein frist på seks veker klage på fylkesmannen sitt vedtak til departementet.

#### **3.2 Vurdering og merknader**

Investerings- og gjeldsnivået i kommunane må vurderast opp mot driftsbalansen. Driftsbalansen viser om kommunen har økonomisk evne til å svare for auka renteutgifter og avdrag som følgje av nye låneopptak, samt eventuelle nye driftskostnader etter at investeringa er gjennomført. Kommunar som har ein svak driftsbalanse, og genererer underskot, må etter vårt syn kritisk vurdere om låneopptak som leggjar ytterlegare press på dei frie inntektene er absolutt naudsynte før dei vert lagt inn i budsjettet.

Etter å ha vurdert den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune, vil vi vere kontraktiv i vår godkjenning av nye låneopptak. Vi meiner at kommunen kritisk bør vurdere om det er presserande behov for nye investeringar før dei blir lagt inn i budsjettet. I vurderinga bør det gå fram kva netto effekt investeringa har for kommuneøkonomien, og om kommunen er i posisjon til å svare for eventuelle nye kostnader.

Avslutningsvis vil vi understreke at fleirårige investeringar som initierast i år vil leggje føringar for kor stort handslingsrom kommunen har på investeringsida framover. For å få godkjent låneopptak til nye investeringar, må kommunen kunne vise til ein driftsbalanse som er betre enn den kommunen har no, og kommunen må ha kome godt i gang med inndekninga av underskot.

Vi viser elles til merknadane våre i punkt 2.1 og 2.2.

Vårt vedtak om godkjenning av låneopptak er i punkt 1.3.

#### **4.0 Lovlegkontroll av årsbudsjettet**

Fylkesmannen skal føre kontroll med om budsjettvedtaket til kommunar som er i Robek er lovleg. Fylkesmannen skal kontrollere følgjande:

- At budsjettet er blitt til på lovleg måte, jf kommunelova § 45;
  - budsjettet er vedteke i året før budsjettåret, jf nr 1
  - vedtak er fatta av kompetent organ etter innstilling frå formannskapet, jf nr 2
  - innstillinga frå formannskapet, med alle dei forslag til vedtak som føreligg, skal ha vore ute til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den handsamast i kommunestyret, jf nr 3
  
- Om innhaldet i budsjettet er lovleg, jf. kommunelova § 46;
  - årsbudsjettet skal omfatte heile verksemda til kommunen, jf nr 2
  - budsjettet skal vere realistisk og fastsatt på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan vente i budsjettåret, jf nr 3
  - årsbudsjettet skal vere stilt opp på ein oversiktleg måte, jf nr 4
  - årsbudsjettet skal vere inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel, jf nr 5
  - driftsresultatet minst skal vere tilstrekkeleg til å dekke renter og avdrag, samt naudsynte avsetningar, herunder inndekning av underskot, jf nr 6

Vi viser elles til forskrift om årsbudsjett (budsjettforskrifta) fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. desember 2000.

Lovlegkontrollen skal understøtte inntektsstyringa av kommunane. Vår kontroll inneber difor i første rekke ein kontroll med at kommunane planlegg verksemda si med basis i realistiske inntektsoverslag. I vår gjennomgang har vi ikkje vurdert om prioriteringane i budsjettet inneberer at kommunen gjennomfører alle lovpålagde tiltak i tilstrekkeleg utstrekning. I utgangspunktet føreset vi at nødvendige vurdering av løyvingar på einskilt områder er gjennomført av kommunestyret.

#### **4.1 Heimel for lovlegkontroll av årsbudsjettet**

Kommunelova § 60 regulerer kva kommunar som skal vere underlagt statleg kontroll av økonomiske disposisjonar. Reglane er som følgjer:

*§ 60. Statlig kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktelser.*

1. *Vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettår, er ikke gyldig før det er godkjent av departementet, dersom:*
  - a. *kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette et årsbudsjett uten at alle utgifter er dekket inn på budsjettet,*
  - b. *kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette en økonomiplan uten at alle utgifter er dekket inn på økonomiplanen,*
  - c. *kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 annet punktum har vedtatt at et regnskapsmessig underskudd skal fordeles ut over det påfølgende budsjettår etter at regnskapet er fremlagt, eller*
  - d. *kommunen eller fylkeskommunen ikke følger vedtatt plan for dekning av underskudd.*
2. *Dersom et av vilkårene i første ledd bokstav a-d er oppfylt, skal departementet føre kontroll med lovligheten av kommunestyret eller fylkestingets budsjettvedtak.*
3. *Departementet skal opprette et register over alle kommuner og fylkeskommuner som er underlagt godkjenning. Enhver har rett til å gjøre seg kjent med det som er registrert i registeret, og få utskrift av dette.*

Fullmakta til departementet etter kommunelova § 60 nr 2 er delegert til fylkesmannen i rundskriv H-8/01.

#### **4.2 Bakgrunnen for kontroll av årsbudsjettet til Sykkylven kommune**

Sykkylven kommune er oppført i register om vilkårsbunden godkjenning og kontroll (Robek) med heimel i kommunelova § 60 nr. 1 bokstav c.

Innmeldinga i Robek er grunnlagt med at kommunen har vedteke å dekke inn underskot over fleire enn to år.

Kommunen vert meldt ut av Robek når rekneskapen viser at kommunen sitt akkumulerte underskot er dekket inn.

#### **4.3 Kommunen si sakshandsaminga av årsbudsjettet**

Sykkylven kommunestyre gjorde 10. desember i 2012 vedtak om årsbudsjettet for 2013 i sak 88/12. Vedtaket vart gjort etter innstilling frå formannskapet den 26. november i 2012.

Fylkesmannen har ingen merknader til kommunen si handsaming av budsjettet, og legg til grunn at budsjettet har vore ute til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar, slik kommunen har opplyst om.

Budsjettet gjeld for heile den kommunale verksemda, og er samla i eitt dokument som er inndelt i investeringsbudsjett og driftsbudsjett. Det inneheldt elles dei krav til inndeling som går fram av budsjettforskrifta §§ 5 og 6.

#### 4.4 Kommunen sitt inntektsoverslag

Tabellen under viser kommunen sitt budsjetterte inntektsoverslag for skatt på inntekt og formue samt rammetilskot. Det er kommunen sine frie inntekter. Tabellen viser også prognosa i statsbudsjettet frå i haust. Det dannar grunnlaget vårt for realismen i inntektsramma til kommunen. Vi har også med KS si prognose frå februar i år. Den prognosa har oppdaterte grunnlagstal for berekninga av dei frie inntektene.

<i>I 1 000 kr</i>	<b>Kommunen sitt budsjett</b>	<b>Statsbudsjettet</b>	<b>KS sin prognose, februar 2013</b>
Skatt på inntekt og formue	163 639	182 135	165 128
Rammetilskot	200 561	181 612	196 841
<b>Sum skatt + rammetilskot</b>	<b>364 200</b>	<b>363 747</b>	<b>362 000</b>

Sykkylven kommune sine prognoser for dei frie inntektene er i overkant av anslaget i statsbudsjettet frå i fjor haust. Kommunen sitt anslag er på knappe 0,6 millionar kroner.

Vi vil understreke at det er viktig at kommunar generelt er forsiktig med å budsjettere med høgare inntektsanslag enn det som ligg til grunn i statsbudsjettet. Når Sykkylven kommune har ein økonomisk ubalanse, stiller det ekstra krav til å leggje eit forsiktighetsprinsipp til grunn for anslaga sine i budsjettet.

KS sin oppdaterte prognose frå februar i år viser at inntektsoverslaget lagt til grunn i budsjettet ser noko høgt ut. Om siste prognose gjer seg gjeldane, manglar kommunen dekning for 2,2 millionar kroner. Dette forholdet saman med kommunen sin økonomiske situasjon, gir ekstra grunn til å følgje tett opp inntektsinngangen gjennom året. Om inntektsoverslaget lagt til grunn i budsjettet ikkje ser ut til å halde, må kommunen raskt identifisere avviket, og om naudsynt iverksette mottiltak for å oppretthalde budsjettbalansen til årsslutt, jf budsjettforskrifta §§ 10 og 11.

#### 4.5 Inndekning av underskot

Kommuneloven § 48 nr 3 sett krav om at kommunestyret må vedta inndekningsplan om rekneskapen viser underskot. Rammene for inndekning av underskot går fram av nr 4.

Underskot på årsrekneskapen, som ikkje vert dekkja over budsjettet i det året rekneskapen vert lagt fram, skal først til dekning på budsjett året etter. Under særlege forhold kan kommunestyret, etter å ha gjort nødvendige endringar i økonomiplanen, vedta at underskotet skal dekkast over ytterlegare to år, jf. § 48 nr. 4. Om kommunen vedtek å dekkje inn underskot over fleire enn to år, vert kommunen meldt inn i Robek.

I tilhøve der dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane er uforholdsmessig store ved å dekke inn underskotet i løpet av fire år, kan departementet unntaksvis godkjenne vedtak om at underskotet dekkast inn over meir enn fire år. Underskotet kan likevel ikkje



dekkast inn over meir enn ti år. Ingen vedtak om å dekke inn utover fire år er gyldige før departementet sjølv har godkjent vedtaka. Det gjeld for dei tilhøva der kommunen tidlig planlegg med inndekning utover fire år, men òg i dei tilhøva der ein ikkje klarar å følgje opphavleg plan, og inndekning likevel må skje utover fire år.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i samla underskot for Sykkylven kommune. Tala er henta frå rekneskapen til kommunen.

<i>I 1000 kr</i>	2008	2009	2010	2011
Underskot	21 254	4 123	6 298	5 906
Samla underskot	21 254	25 377	31 675	37 581

Tabellen viser at kommunen gikk med underskot i åra 2009 til 2011. Samla underskot frå perioden er om lag 37,6 millionar kr.

Om vi legg til grunn status for samla underskot, ureviderte rekneskap for 2012 og inndekningsplana for underskot i budsjett og økonomiplan, får vi følgjande oversikt.

<i>I 1000 kr</i>	2012	2013	2014	2015	2016
Inndekningsplan	-	7 532	7 532	7 532	7 451
Samla underskot	37 580	30 048	22 516	14 984	7 533

Det ureviderte rekneskapet for 2012 viser at kommunen ikkje får dekkast inn tidlegare underskot som budsjettert på grunn av strykingar. Det gjer at kommunen står utan inndekning av heile det akkumulerte underskotet. Kommunen må revidere inndekningsplana slik at det er planlagt dekning for resterande akkumulert underskot.

Sykkylven kommune har fått forlenga inndekningstid på underskot for åra 2008 til 2011. Underskota frå dei åra skal vere dekt innan 2016. Den nye inndekningsplana må vise at alt underskot er nedbetalt innan 2016. Vi ber om at kommunen sender inn revidert inndekningsplan for underskot så snart den er vedteken av kommunestyret.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Helge Mogstad  
kst. direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi  
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal Postboks 7734 Spjelkavik 6022 ÅLESUND



Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 04.06.2013  
Vår ref.: 2013/21-7056/2013

Saksbeh.: Arild Bergström  
Telefon: 70 24 66 00

Til:  
Ole-Johan Lillestøl, Petter Lyshol

## Rapportering Skatteinngang og Rammetilskot år 2013 - per mai

Månadstal (Denne månaden isolert):

Innt.art	Budsj rappmnd	Rsk rappmnd	Avvik
Sum skattar	29 546 392	29 756 208	209 816
Innb.tilskot	18 136 200	18 136 200	
Ord. skjønstilskot	25 000	25 000	
Særskilt skjønstilskot			
Inntektsutjamning	604 318	1 985 587	1 381 269
Sum rammetilskot	18 765 518	20 146 787	1 381 269
Sum skatt/rammetilsk.	48 311 910	49 902 995	1 591 085

Akkumulerte tal (Per hittil i år):

Innt.art	Akk. avvik per feb	Akk. avvik per mar	Akk. avvik per april	Akk. avvik per mai
Sum skattar	1 225 921	12 036	-221 762	-11 946
Innb.tilskot				
Ord. skjønstilskot				
Særskilt skjønnstilskot				
Inntektsutjamning		13 535	-405 616	975 653
Sum rammetilskot		13 535	-405 616	975 653
Sum skatt/rammetilsk.	1 225 921	25 571	-627 378	963 707

Skatteinngang per innbyggjar akkumulert:

Sykkylven/landet – mnd	Januar	Februar	Mars	April	Mai
Sykkylven	2 792	2 879	6554	6 665	10 543
Landet	3 055	3 261	7414	7 692	
Sykkylven i pros/landet	91,4%	88,3%	88,4	86,6	

Med helsing

Arild Bergström